

## **Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet**

**Emil Gadolin (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Sunnhordland Lufthavn AS. Gadolin gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Emil Gadolin var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Emil Gadolin gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 16 representantar til stades.

**Anne Gine Hestetun (A)** sette på vegner av A, Sp, SV, MDG, KrF og V fram slik protokollmerknad:

«Fylkesutvalet viser til varsla sak. Den heilheitlege situasjonen til Sunnhordland Lufthamn AS blir vurdert i den samanhengen.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Fylkestinget godkjenner at ansvarleg lån på kr 636 000 til Sunnhordland Lufthamn AS vert omgjort til aksjekapital i selskapet.»

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

### **Avrøysting til utsetjing**

Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett.